

## SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 22.11.23

Stad: Fjordsenteret

Sak 29/23. Spørsmål frå Statskog SF om fjellstyret vil overta jaktbu ved Svarterandane

### **Saksopplysning/vurdering**

Statskog SF v/Kristin Asdøl Midtmageli sende den 9. august i år ein e-post til fjellstyret med opplysning om at siste attlevande medeigar i ei jaktbu ved Svarterandane i Aurland statsallmenning no var avliden. Opphavleg var det 6 medeigarar i denne bua, i følgje avtalen som var skriven mellom Statskog og hytteeigarane, underteikna i mai 1987. E-posten med vedlegg vert vidaresend til fjellstyremedlemane.

### Litt historikk, for å setja denne saka inn i ein samanheng:

Denne bua er ei av 14 buer som det på 1980-talet vart skriva avtalar for mellom dåverande Direktoratet for statens skoger (no Statskog SF) og dei som hadde sett opp buene, i avtalane kalla «hytteeigaren.» På ein tidsakse kan ein setja opp ei slik utvikling:

- 1960/70-talet og fram til først på 1980-talet: Fleire og fleire bygg kom opp i statsallmenningen, utan løyve frå grunneigar, fjellstyre eller offentlege bygningsstyresmakter. Skogforvaltar, saman med fjellstyreformann og oppsyn, gjennomførde ei synfaring på ein del av desse sommaren 1979.
- I juni 1982 rykte Direktoratet og fjellstyret inn ei felles lysing i tre lokalaviser, der det vart slege fast at bygging utan løyve i statsallmenning er ulovleg, og at det ville bli kravd riving dersom det vart gjort brot mot dette. Kopi av lysing ligg ved.
- Samstundes med innrykk av denne lysinga, fekk eigarar av buer som alt var bygde - så langt ein kjende eigartilhøva - orientering om at det ville vera mogleg å søkja om «amnesti» for bygg som var oppførde.
- Etter samråd med fjellstyret, skreiv skogforvaltaren i 1982 avtaleutkast som vart sendt til dei hytteeigarane som hadde meldt seg. Eit sentralt punkt i avtalen, var pkt. 2 i avtalen; at retten til bua galdd i hytteeigarane si levetid, og så lenge han var busett i Aurland kommune. Når desse vilkåra ikkje lenger ligg føre, kan hytta/bua overtakast av fjellstyret utan vederlag (pkt. 3). Kopi av standardavtale ligg ved.
- Utover på 1980 talet, fram til 1985, skjedde det vidare registrering av ulovleg oppsette bygg i allmenningen. Bua i Svarterandane (truleg oppsett hausten 1981) vart registrert av fjellstyret og innmeld til skogforvaltaren i 1983, og fekk oppretta avtale med direktoratet v/skogforvaltaren i 1986, etter tilråding frå fjellstyret.

## SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 22.11.23

Stad: Fjordsenteret

---

*Sak 29/23, side 2.*

- Elles utover på 1980-talet vart byggjeforbodet handsama strengt. I eitt tilfelle vart ei oppsett bu kravd fjerna, noko som vart etterkome. Ei anna sak enda med at eigar av ei bu som det låg føre kontrakt for måtte gjera om på takheving som var utført, og føra bua attende til opphavleg storleik. Det var tilfelle der planlagde «prosjekt» som ein fekk kjennskap til vart stoppa av fjellstyret, med trugsmål om at krav om riving ville bli framsett.
- Dei siste åra har fjellstyret handsama fleire saker der opphavleg eigar er avliden og vilkåret i pkt. 3 i avtalen vert aktualisert. I to saker - Langafonni og Norddalsbakkane - har fjellstyret akseptert overtaking med sikte på å halda buene ved like og opne for ålmenta. I ei anna sak har fjellstyret overteke ei brakke, men gjort vedtak om riving, og gjennomført dette.

Tiltaka som er skildra ovanfor syner at fjellstyret og Statskog SF har vore konsekvente i handsaminga av spørsmåla som gjeld ulovleg oppsette bygg i statsallmenningen i desse åra. Dei inngådde kontraktane har vore handsama strengt og bokstaveleg. Nokre bygningsmessige tilpassingar og endringar har det vorte gjeve løyve til etter søknad. Det har vore døme på at flytting av buer har skjedd etter søknad, grunna snøtilhøva. Det er Statskog SF som grunneigar som er den instansen som kan gje løyve eller dispensasjonar. Fjellstyret har uttalerett.

I fjellstyret sin forvaltingsplan for statsallmenningen for 2020-23 er det eit kort avsnitt som omhandlar desse buene: «Med tida vil fleire av jaktbuene som er oppsette av private i allmenningen tilfalla fjellstyret, ut frå avtalane som vart oppretta mellom eigarane og Statskog. Fjellstyret vil då i kvart einskilt tilfelle vurderer om det er grunnlag for å kosta framtidig drift og vedlikehald, eller om bygget bør fjernast.» I forvaltingsplanen er det og eit oversyn over alle buene i denne kategorien.

Statskog SF ber i e-posten om å få tilbakemelding frå fjellstyret, slik at det eventuelt kan lagast nye utvisingsforretningar for bua. Dette vil i så fall koma inn under § 35 i Fjellova, som seier at fjellstyret kan føra opp naudsynlege jakt- og fiskehytter og naust i statsallmenningen, etter at tomt er utvist av skogforvaltaren. Det er naturleg at fjellstyret i ei tilbakemelding til Statskog signaliserer vidare planar; om bua vert overteken med sikte på å verta ei jakt- og fiskebu open for ålmenta, eller om fjellstyret meiner at riving vil vera det beste alternativet.

## SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 22.11.23

Stad: Fjordsenteret

---

*Sak 29/23, side 3.*

Når det gjeld skildring av storleik, lokalisering tilstand, syner eg til det som står i eit brev frå hytteeigarane til Statskog i 2003: «Anleggsbrakke på ca 13 kvm plassert 1640 m.o.h. nær grensa til Hol kommune.» Brakka har etter dette fått betydeleg oppgradering, m.a. med utskifting av golv og tak, slik at tilstanden no er betre enn den som vart skildra i 2003.

### Vurdering etter Naturmangfaldlova §§ 8-12:

Sidan det her er tale om ei sak som gjeld forvaltning av fast eigedom, seier § 7 i Naturmangfaldlova at det skal gjerast ei vurdering etter §§ 8-12 i denne lova.

#### *§ 8, kunnskapsgrunnlaget:*

Det er først og fremst trekkvegane for villrein bua ved Svarterandane kan ha innverknad på. Desse trekkvegane er nokså godt kartlagde gjennom registreringar gjorde av jegerar og oppsyn, og gjennom kartlegging i NINA Dyreposisjonar. Det er godt dokumentert at bua ligg i eit område med viktige reinstrekk. Fjellstyret har rimeleg god oversikt over bruken av området til jakt og fiske.

#### *§ 9, føre-var-prinsippet:*

Sidan kunnskapsgrunnlaget her må reknast som rimeleg bra, vert denne paragrafen ikkje aktuell.

#### *§ 10, økosystemtilnærming og samlet belastning:*

Verknaden av å overta og gjera bua om til ei open fjellstyrehytte må sjåast i samheng med bruken av andre hytter i området. Dersom samla bruk av området aukar i høve til tidlegare, vil dette vera negativt for villreinen. Eit arbeid med ein tiltaksplan for villrein i Nordfjella som pågår for tida, har som siktemål å betra tilhøva for reinsdyra. Der er fjerning av hytter for å minska bruken av området eit tema.

#### *§ 11, kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver:*

(Ser ikkje at denne er aktuell).

#### *§ 12, miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder:*

(Ikkje aktuell).

## SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 22.11.23

Stad: Fjordsenteret

---

*Sak 29/23, side 4.*

Alt i alt ser eg det som mest aktuelt for fjellstyret no å overta bua og stilla ho til rådvelde for ålmenta som ei open jakt- og fiskebu. Utvisingsforretning må då gjennomførast av Statskog SF. Dersom t.d. tiltaksplan for villrein i Nordfjella skulle konkludera med at det må gjerast tiltak for å letta reinstrekka i dette området, bør fjellstyret halda ope for fjerning av hytta på eit seinare tidspunkt.

### **Framlegg til vedtak:**

Fjellstyret går inn for å overta bu ved Svarterandane med fnr. 9009, for å disponera denne som jakt- og fiskebu open for ålmenta. Fjellstyret melder til Statskog SF at utvisingsforretning kan gjennomførast i medhald av § 35 i Fjellova.

Fjellstyret held det likevel ope at det på eit seinare tidspunkt kan vurderast fjerning av bua, dersom dette, t.d. gjennom tiltaksplanen for villrein i Nordfjella, vert sett som eit viktig tiltak for å letta reinstrekka i området.

Fjellstyrekontoret, den 16.11.23

Harald Skjerdal